



VANG KOMMUNE

Ordfører

Finansdepartementet
postmottak@fin.dep.no

Dykkar ref.:

Vår ref.:
ELTVID -14/303 -54

Arkiv:
232

Vår dato:
07.04.2015

Høyringsuttale om NOU 2014: 13 om kapitalbeskatning i ein internasjonal økonomi

Vang kommune viser til departementet sitt høyringsbrev av 5.januar 2015 om denne saka.

Sidan delar av innhaldet i nemnde NOU, det som gjeld forhold som direkte eller indirekte påverkar eigedomsskatten, klart vil kunne få vesentleg betydning for kommuneøkonomien, burde kommunane har vore direkte høyringspart i saka.

Ordføraren vil gje følgjande uttale til NOU 2014:13 (som blir referert på kommunestyremøte 22.april) :

- Eigedomsskatten må halde fram som ein kommunal skatt og kommunane må ha ansvaret for verdifastsettinga. Eigedomsskatt for kraftverk er mellom anna grunngeven med at vertskommunane har rettmessig krav på ein andel av verdiskapinga som skjer i kommunen. Skatteinntekter til vertskommunen har vore ein føresetnad for tilslutning til vasskraftutbyggingar.
- Forslaget om auka grunnrentesats på vasskraft som kompensasjon for ein redusert inntektsskattesats vil føra til reduksjon i kommunane sine eigedomsskatteinntekter. Dette kan ikkje akseptast.
- Vang kommune støttar høyringsuttalen frå vår medlemsorganisasjon, LVK, datert 10.mars. (vedlagt).

Med helsing

Vidar Eltun

Ordfører

Dir. tlf.: 61369405

E-post: vidar.eltun@vang.kommune.no

Side 1 av 1